

Fra: Svein Arne Vågane
Sendt: mandag 12. juni 2023 08:47
Til: Postmottak Alver
Emne: Mjåvassvegen - Tilskot vegbygging.

Hei. Til føring i sak 23/4685. SA

Fra: Arne Haugland <Arne_haugland@hotmail.com>
Sendt: onsdag 15. februar 2023 16:20
Til: Svein Arne Vågane <svein.arne.vagane@alver.kommune.no>
Kopi: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: Tilskot vegbygging.

Hei.

Etter samtaLEN me hadde mandag, kalla eg inn til eit møte med styre i veglaget.
Orienterte om utfordringane som kommunen har om tildeling av tilskott til vegbygging.

Me har klart eit ansvar for å drifta eigen skog og har derfor søkt om forlenging av skogsvegen for å kunna drifta denne på ein betre måte. Me har motteke skogbruksplan og vil snart være i gang med å planlegga neste uttak av tømmer. Ein vart på møte i febr. i fjor på Hella skule, oppmoda sterkt om å gjera dette for å få ei effektiv drift og for miljøregistrering ved seinare salg. Dette var med på å avgjera søknad om forlengelse, i lag med ei positiv haldning frå kommunen for tiltaket. Me er godt i gang og gr.eigarane samarbeider godt for å få dette til, og eigendel til forlengelsen av vegen vert innbetalt i desse dagar.

Me har no tilgang på ein del steinmassar som vil være synd å gje slepp på. I tillegg må me sprenga ut for å få nok.

Skal me avventa med arbeidet er ein redd for at vegen vestover ikkje vert realisert, med det resultat at skogen ikkje er lønsam å driva. Tilbodet som me no har frå entreprenør vil og verta anleis ved ei utsetting av arbeidet.

Dette vil ein tru vil skapa tvil hjå andre som vil gå i gang med slike tiltak .Fylkje oppmodar om å være framsynt, effektivisera drifta, for så å ikkje tildela tilstekkeleg med midlar. Kvifor får me tilskott til skogbruksplan når me ikkje får ut tømmeret?

Me er klar til å setja i gang arbeidet og vil derfor be om at kommunen tar dette opp med Statsforvaltar so fort råd er, og at fordeling av tilskott vert vurdert på nytt slik at me kan koma igang med bygging av vegen, ref. løyve av 31 jan. 2023.

Ber om snarleg svar.

Mvh
Arne Haugland
Formann

Haugland skog veglag SA